

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 24.02.17

Vår ref. 163/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal

E-mail
post@byggadmin.no
liv@byggadmin.no

TYSNES, GALANTEN – OPPSTART REGULERINGSENDRING 106/7

Viser til Dykkar mail av 11.01.17, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Ein ser ikkje dette som ei direkte høyringssak, då ein ikkje kan sjå at det står noko tidsfrist i saka.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.



Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Galanten

Fiskarlaget Vest vil gjere merksam på at at det på Fiskeridirektoratet si nettside viser at det er registrert gytefelt, område for passiv (sei, lyr, hyse, breiflabb)- og aktiv (sei) reiskap og kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområde .

Når det gjeld fiske/ferdsel ved steng viser til § 27 i Havressurslova.

Sjølv om det her er snakk om eit mindre småbåtanlegg med små båtar vil ein vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport "Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge" (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Når ein får saka på høyring må det òg leggjast ved fortøyingssplan for bryggjer/båtar, slik at ein har best mogeleg grunnlag til å uttale seg i saka.

Ein vil minne om at fiskeriverksemd til tider òg føregår nattestid.

Til slutt vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Ein forutset at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Ein ber om at me blir sett på høyringslista i det vidare arbeidet. Minner òg om at Fiskeridirektoratet region Vest skal ha slike saker til høyring.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Midthordland Fiskarlag
Tysnes kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest



FISKERIDIREKTORATET

Bjørnafjorden

